



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Vår dato: 16 JUN 2010

Vår ref.: NVE 200800564-15 ki/mbi

Arkiv: 313 / 071 5564-15

Dykkar dato: 17.12.2009

Dykkar ref.: 2005/074744-075

Sakshandsamar:

Marianne Bismo

22 95 98 58

Statens vegvesen – Søknad om løyve til å la ulovleg oppsett flaumvoll i Nærøydalselvi verte ståande – Voss kommune

Bakgrunn

NVE har motteke søknad frå Statens vegvesen, datert 17.02.2009, om løyve til å late ulovleg oppsett flaumvoll i Nærøydalselvi, Voss kommune, verte ståande. I samband med bygging av ny Jordøla bru og ny Holten bru søkte Statens vegvesen den 07.03.2006 NVE om godkjenning til forbygging/gjenoppretting av gammalt elveleie. Saka vart sendt på høyring til fylkesmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane. I høyringsuttalene vart det lagt vekt på at forbygginga måtte vere så skånsam som mogleg. NVE ga i brev av 07.07.2006 Statens vegvesen løyve til å gjennomføre tiltaket under føresetnad av at Vegvesenet, så langt det var praktisk mogleg, tok omsyn til synspunkta frå fylkesmennene. NVE vurderte at tiltaket ikkje trong ytterlegare handsaming etter vassressurslova.

NVE sendte brev til Statens vegvesen datert 17.11.2006. Her kom blant anna følgjande fram:

"... Som Vegvesenet er kjent med, vart brevet m/vedlagde planskisser lagt fram for fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Hordaland. Desse gav uttrykk for at dei planlagde tiltaka måtte bli så avgrensa som mogeleg og kun omfatte det som var naudsynt for å ivareta viktig infrastruktur. NVE slutta seg til dette i svar til Statens vegvesen. Vi kan ikkje sjå at stenging av flaumlaup i Nærøydalselva er naudsynt for å sikre veg- eller bruanelegg, og vil difor gå mot at dette vert gjort.

Grunngjevinga for stenging er at grunneigarane ynskjer å sikre fiskebestanden. Løpet går turt somme tider av året og yngel dør.

Vi har lagt spørsmålet om stenging fram for Fylkesmannen i Hordaland v/fiskeforvaltaren. Han vil heller ikkje gå inn for stenging av løpet. Vi er samde om at eit alternativt tiltak kan vere å lage eit løp der det vil renne vatn heile året. Dette vil vera eit mindre tiltak, eit betre alternativ for fiskebestanden og ikkje minst betre når det gjeld del visuelle inntrykket. Om dette skulle bli aktuelt må ein legge vekt på å utforme løpet så likt naturlege tilhøve som råd er. Det vil gjerne vera

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
0212 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst
Vangaveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

trong for vedlikehald av eit slikt løp, men det ville truleg vore nødvendig ved stenging av løpet òg."

I samband med ei anna synfaring hausten 2008 observerte NVE flaumvollen. På bakgrunn av dette skreiv NVE brev til Statens vegvesen, datert 20.11.2008:

"... NVE har kontakta fylkesmannen i Hordaland om saka. Det er semje om at tiltaket står fram som overdimensjonert. I uttalane frå både fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane vart det i høyringa av planane understreka at tiltaket skulle avgrensast til kun det som var naudsynt for å ivareta viktig infrastruktur, og at tiltaket skulle tilpassast landskapskvalitetane.

Vollen framstår som dominerande og unaturleg i høve til landskapet, og skil seg mykje ut frå det enkle tiltaket som opphavleg var skissert i framlagt reguleringsplan. Det er grunn til å stille spørsmål til estetikken rundt utforminga av tiltaket som ligg i eit verdsarvområde og i eit verna vassdrag med status som nasjonalt laksevassdrag.

Me ber om Vegvesenet sine kommentarar til ovanståande, samstundes som me ber opplyst kva grunngeving ein har for å ha valt slik utforming som ein har, og kva heimel ein meiner å påberope seg for dette. NVE ynskjer i tillegg informasjon om utforminga av vollen, til dømes om det går røyr gjennom vollen slik at det alltid vil renne vatn i flaumløpet på ein kontrollert måte."

Statens vegvesen la opphavleg eit røyr gjennom vollen for å sikre vassføringa i flaumlaupet. Etter protestar frå lokale grunneigarar, som meinte dette var negativt for fiskebestanden, tok Vegvesenet kontakt med NVE og fekk munnleg løyve til å fjerne røyrret. Korkje Vegvesenet eller NVE har nærare kunna dokumentere dette løyvet.

NVE sendte brev til Statens vegvesen, datert 10.11.2009, med varsel om retting av ulovleg stengt flaumlaup. Statens vegvesen sendte søknad om løyve til å la flaumvollen verte ståande til NVE, datert 17.12.2009:

"... Vi hadde ikkje høyrte noko frå NVE etter synfaringa den 25. juni og trudde faktisk at flaumvollen kunne verte ståande.

Grunneigarane har heile tida hevda at flaumlaupet måtte stengast. Dei har framlagt prov på at det tidlegare ikkje har vore flaumlaup her, jf. kartskisse frå NVE (Erik Bjørnbæk) datert 12. des. 1954.

Forbygginga har blitt mykje større, høgare og breiare og lenger, enn kva som opphavleg var tenkt. Breiddeauken har si forklaring i at her har underentreprenør Turlid nytta høvet til å plassere overskotsmasse, og det utan at byggherren var orientert på førehand. Høgare og lengre (nærare ny bru) har si forklaring i at det vestre landkar på ny Holten bru kom utanfor gamle landkar med det resultat at flaumelva no ville gå meir "rett fram" i svingen og grave meir på venstre (austre) side og derfor trong for flaumvoll frå brukar og ned forbi flaumlaup.

I følgje Gunnar Jordalen vart Helge Leif Nordvik og Anja Midtun i samband med synfaring, masseuttak i Stalheimselvi den 22. juni 2007, med han ned til Holten bru. Der hadde Helge Leif Nordvik hevda det same. Flaumelv no i haust har synt at dette var rett tenkt.

Bortsett frå så stor/lang flaumvoll at landkaret vert sikra, har vegvesenet ingen interesse i vollen og må fjerne resten om det vert fatta vedtak om det, men vi kan ikkje skjønne anna enn at det må vere, for alle partar, ei mykje betre løysing at vollen vert ståande og at det heller vert planta skog på baksida av han.

Statens vegvesen, region vest, søker med dette om å la flaumvollen verte ståande."

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden har vore sendt på høyring til Voss og Aurland kommunar og til Fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og Fjordane. NVE har motteke følgjande høyringsuttaler til søknaden:

Aurland kommune har sendt følgjande uttale i brev av 28.01.2010:

"Kort om saka:

I 2009 vart det av Statens vegvesen utført stenging av eit flaumløp i Nærøydalselva. Dette vart gjort i samband med utbetring av E16 i Nærøydalen i området på begge sider av fylkesgrensa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette omfatta arbeid som kun skulle vera naudsynt for å sikre europavegen.

Det er no bygt ein flaumvoll som er av ein slik storleik at tidlegare flaumløp er stengt. Det var frå NVE si side ikkje gjeve løyve til ei slik stenging. 10. november 2009 sende NVE varsel til vegvesenet om at de vurderte å gje pålegg om å fjerne stengselet. Vegvesenet har i brev, datert 17.12.2009, søkt om løyve til å la stengselet bli ståande. Statens vegvesen skriv i brevet at det for alle partar er ei betre løysing at vollen vert ståande og at det heller vert planta skog på baksida av han.

Vurdering:

Flaumvollen er i dag 2-3 meter høg og 4-5 meter brei. Vollen er også fleire 10-tals meter lang. Aurland kommune legg til grunn tre viktige element i saka:

- 1. Tilhøve rundt flaum: Dersom tiltaket har ført til at ein ved ein flaumsituasjon vil få eit endra flaumlaup, som aukar risiko for bygg, jordbruk og vegar, bør tiltaket rettast.*
- 2. Tilhøve til fisk: Dersom tiltaket har øydelagd viktige gyteområde for laks, bør tiltaket rettast.*
- 3. Estetikk: Dersom tiltaket er svært dominerande i høve omkringliggjande landskap, då med tanke på at dette ligg midt i verdsarvområde, bør tiltaket rettast.*

Administrasjonen legg elles merke til at grunnen til den store breiddeauka, er på grunn av at underentreprenør har nytta høvet til å plassera overskotsmasse, utan at byggeherren var orientert om det.

Ein vil ikkje kome med nokon endeleg tilråding i saka, men meiner NVE bør ta ei heilskapleg vurdering jf. dei tre ovannemnte punkta. Kommunen vil soleis stetta seg til det vedtaket NVE ville finne rett å gjere."

Voss kommune har sendt følgjande uttale i brev av 10.02.2010:

"På same måte som Aurland, vektlegg Voss kommune tilhøva knytte til evt. flaumskadar, fisk og estetikk. Voss kommune vurderar at tiltaket har tilstrekkeleg god estetisk utforming, føresett at her gror til etter kvart. Voss kommune ber NVE kontrollere at det omsøkte tiltaket har tilstrekkeleg kapasitet ved flaumsituasjonar og at tiltaket ikkje har negativ innverknad for fisk og biologiske mangfald elles.

Voss kommune vil elles stetta utsegna frå Aurland kommune."

Fylkesmannen i Hordaland har sendt følgjande uttale i brev av 17.02.2010:

"Fylkesmannen er kritisk til flaumvollen, og meiner han må fjernast eller reduserast kraftig i omfang. Frå vår side var det ein føresetnad at tiltaket skulle ha ein størrelse og ei utforming som

både sikra tilstrekkeleg vassføring i sidelaupet, og var tilpassa landskapet og verne- og naturverdiane i området.

...

Kort om saka

For å utbetre E16 i Nærøydalen stengte Statens vegvesen eit flaumlaup i Nærøydalselva med ein 2-3 meter høg, 4-5 meter brei og fleire titals meter lang voll.

NVE har i brev datert 10. november 2009, varsla Statens vegvesen om at dei vurderer å gje eit pålegg om å fjerne stengselet. Statens vegvesen har i etterkant søkt om at stengselet får stå, og at det vert planta skog på baksida av flaumvollen.

Nasjonale verdiar i influens- og planområdet

Nærøydalselva er eit verna laksevassdrag i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden. Eit av hovudkriteria for status som verdsarvområde er storslått natur- og kulturlandskap med aktive geologiske prosessar styrt av erosjon og fritt vatn. I tillegg er fjellsidene på kvar side av dalbotn del av Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Våre vurderingar av inngrepet

Under felles synfaring i Nærøydalen presiserte vi at inngrepet måtte sikre ei minstevassføring i sidelaupet. Dette er ein føresetnad for at fisken skal kunne overleve der. Vassføringa skulle sikrast ved å legge ned røyr eller ved å legge steinar slik at høgder og gliper mellom steinane slepp igjennom tilstrekkeleg med vatn.

Vi sa at inngrepet skulle vere minst mogleg synleg, ha lav høgde og sjå mest mogleg naturleg ut. Dette var også meint som ein føresetnad, for å unngå uheldige landskapsinngrep.

Slik tiltaket er utforma, er desse kriteria ikkje oppfylt. Vollen er ikkje gunstig for laks eller anna fisk i vassdraget, og han er eit unødig og skjemmaende inngrep i landskapet. Tiltaket har klart ein annan dimensjon enn det som var planlagt og førespegla i utgangspunktet.

Konklusjon

Nærøydalen har høg nasjonal verdi. Fylkesmannen meiner at vollen må fjernast eller at tiltaket må reduserast kraftig i omfang, og at elveleiet vert tilbakeført til ein meir naturleg situasjon."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har sendt følgjande uttale i brev av 04.03.2010:

"Det aktuelle inngrepet ligg i Voss kommune/Hordaland fylke. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil difor ikkje uttale seg om saka."

Uttalene er sendt til Statens vegvesen for eventuelle kommentarar. Vegvesenet har ikkje kommentert uttalene.

NVEs vurdering

Statens vegvesen har søkt om løyve til å la den ulovleg oppsette flaumvollen verte ståande. Grunnen til at flaumvollen vart overdimensjonert var at underentreprenør, utan løyve, plasserte overskotsmasse her. Vegvesenet meiner det må vere ei betre løysing for alle partar at vollen vert ståande, og at han vert planta til med skog på baksida. Vegvesenet uttaler at dei ikkje har nokon interesse i flaumvollen så lenge landkaret til brua vert sikra.

Nærøydalselvi er ein del av verdsarvområdet Vestnorske fjordlandskap. I forvaltningsplanen for verdsarvområdet i Nærøyfjord står det mellom anna at *"dei kvartærgeologiske prosessane knytt til urørde elver er ein sentral del av grunnlaget for Verdsarvstatus ..."*. Under overskrifta "Bergverksdrift" står det at terrenginngrep må gjerast *"så små som mogleg, dvs. vert avgrensa til det som er strengt naudsynt"* og at dei må få ei *"best mogleg landskapstilpassing"*. Statusen som verdsarvområde inneber ei internasjonal forplikting til å forvalte området etter dei gjevne retningslinjene.

Nærøydalselvi er også verna gjennom Verneplan for vassdrag. Grunnlaget for vernet er mellom anna at vassdraget strekk seg frå bre til fjord og har eit variert elvelaup med aktive geologiske prosessar. Vassdraget er relativt urørt av tekniske inngrep med unntak av utlaupsområdet. Blant verneverdiane har temaet landskapsbilete har fått verdien "meget stor verdi", mens tema geologisk mangfald, biologisk mangfald og friluftsliv har fått verdien "stor verdi". Utbyggingar i vassdraget skal ikkje svekka verneverdiane i vassdraget.

Fylkesmannen i Hordaland er kritisk til flaumvollen og peiker på verneinteressene i området. Fylkesmannen uttaler at tiltaket har ein annan dimensjon enn det som var planlagt, og at flaumvollen utgjer eit unødig og skjemmande inngrep. Aurland kommune meiner at NVE må vurdere estetikken til flaumvollen med tanke på av han ligg i eit verdsarvområde. Voss kommune meiner at flaumvollen har tilstrekkeleg god estetisk utforming, føresett at her gror til etter kvart. NVE meiner at flaumvollen er overdimensjonert og at han ikkje kan foreinast med verneinteressene i området, både med tanke på at flaumvollen ligg i eit verdsarvområde og at Nærøydalselvi er eit verna vassdrag. Ved planting av skog på baksida av flaumvollen vil han med tida verte noko mindre dominerande i landskapet, men NVE meiner at flaumvollen framleis vil framstå som overdimensjonert og skjemmande for landskapet. NVE meiner at permanent turrlegging av flaumlaupet er negativt for landskapsbiletet. Flaumlaupets funksjon som avlastningslaup for hovudlaupet til elva under større flaumar er satt ut av spel, og flaumvollen er eit hinder for dei naturlege, dynamiske kreftene i denne delen av elva.

Nærøydalselvi er eit nasjonalt laksevassdrag. Søkar har ikkje omtalt fisk i søknaden, men fisk har vore eit gjennomgåande tema i saka. Det er usemje mellom Fylkesmannen og nokre av dei lokale grunneigarane om kva for ein verknad stenging av flaumlaupet har for fisken. Flaumlaupet har funksjon som oppvekstområde for laks og Fylkesmannen meiner difor at det må sikrast vassføring i flaumlaupet av omsyn til fisken. Grunneigarane meiner at vassføring i flaumlaupet er til skade for fisken, fordi flaumlaupet nokre tider av året går turt og yngelen døyr. I samband med den opphavlege flaumvollen, som det vart gjeven konsesjonsfritak for, foreslo NVE, etter å ha konferert Fylkesmannen, å leggje eit røyr gjennom vollen for å sikra flaumvassføring viss flaumvollen elles stengde heile flaumlaupet. Dette vart gjort, men røyrret vart sida fjerna etter udokumentert munnleg løyve frå NVE. NVE har i samband med nærverande søknad om løyve til å la flaumvollen verte ståande vurdert argumenta frå båe sider av saka. NVE støttar seg til Fylkesmannen som fagleg instans og meiner at det må sikrast ei vassføring i flaumlaupet av omsyn til fisken i elva og laupet si økologiske funksjon.

NVE meiner at flaumvollen er overdimensjonert og at storleiken og utforminga til flaumvollen er skjemmande for landskapet og er i strid med verneverdiane til elva og området. NVE meiner den naturlege funksjonen til flaumlaupet er viktig, både av omsyn til fisk, estetik og av omsyn til

flaumlaupets funksjon som avlastning for hovudlaupet ved flaumsituasjonar. NVE meiner difor at flaumvollen ikkje kan verte ståande med den storleiken han har i dag.

NVEs konklusjon

NVE meiner flaumvollen, med den storleiken han har i dag, fører til ulemper for ålmenne interesser. Fordelane med tiltaket oppveier ikkje ulempene, og kravet i § 25 i vassressurslova er ikkje oppfylt.

NVE pålegg med dette Statens vegvesen retting jf. § 59 i vassressurslova. Det skal innan 15.09.2010 leggjast fram ein plan for fjerning av dei delane av flaumvollen som ikkje er naudsynt for å sikra landkaret til ny Holten bru. Flaumvollen skal ikkje hindre all vassføring i flaumlaupet. Planen skal sendast til NVE Region vest for godkjenning.

Rettingstiltaka skal vere gjennomførde innan 15.12.2010.

Viss frista for innsending av plan og gjennomføring av tiltaket ikkje vert overhaldt, vil NVE vurdere bruk av tvangsmulkt, jf. § 60 i vassressurslova.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi:

Voss kommune, Uttrågata 9, 5700 VOSS
Aurland kommune, Vangen 1, 5745 AURLAND
Fylkesmannen i Hordaland, postboks 7310, 5020 BERGEN
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6862 LEIKANGER
Gunnar Jordalen, Nærøydalsvegen 284, 6713 VOSS